

KTN/NAJ

Tormod Nerbø Telefon: 71174238

Nerbø (Garnr.12 Bnr.1)

6480 AUKRA

200704080-46
A: 511

Nerbø 18/7 2008

Til Olje- og energidepartementet

Ved NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Klage på vedtak Havsul 1 Vindkraft med løyve til oreigning.

Eg klager på innhald i vedtak om Havsul 1 som gjeld val av overføringsalternativ for straum over Gossen og fram til Nyhamna.

I høyringsrunden var det frå undertekna og fleire andre, mellom anna Aukra kommune og Møre og Romsdal Fylke, peika på at overføring i kabel vil være den beste løysinga for Gossen. Desse innspela er det ikkje tatt omsyn til. Vidare ser vi at det er dei økonomiske argumenta som vinn fram.

For oss som har vår eigedom og bur her vil dette anlegget med dei inn grepa det medfører uansett føre til at vi "yter" ein høgare pris for fellesgodane enn andre. Er det måtar å gjere dette på som kan minske ulempene vi får, så må storsamfunnet ta den meirkostnaden det er. Det blir i så fall det som er prisen.

Eg vil oppretthalde merknader innsendt i høyringsbrev av 25.03.06 og vil ikkje ha lufteleidning men kan godta ei kabelløysing.

Med helsing Tormod Nerbø

Kopi til Aukra Kommune